



Styringsgruppa

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/1135 - 14/27142

Saksbehandlar:

Frøydis Ones

Froydis.Ones@lindas.kommune.no

Dato:

19.12.2014

Knarvik sentrum områdeplan - referat frå møte i styringsgruppa den 4. desember 2014

Stad og tid: rådhuset kl. 0900 til 1500

Til stades frå styringsgruppa: Jan-Erik Hope, Halvar Rydland, Olav M. Steinsland (for Ingrid Hindenes), Alf Angelskår, Sæbjørg H. Kjeka, Leidulv Brunborg (for Marit Tømmermo), Nina Bognøy (for Astrid Namtvedt Sylta), Nina Stabell Øvreås (for Henriette Mjøs)

Forfall: Kjetil Gjerstad (vara kunne ikkje møta)

Til stades frå administrasjonen: Arne Eikefet (fram til ca 13.45), Arnold Matre, Trude Langedal, Berit Karin Bruvoll, Hogne Haugsdal (kom etter lunsj), Frøydis Ones

Referatet har vore sendt møtedeltakarane for godkjenning.

Dagsorden vart sendt ut før møtet vart halde.

Kommuneadvokaten kunne ikkje delta på møtet. Punktet om **erstatning for grunninnløysing, ei overordna orientering** er difor utsett til neste møte. Spørsmål til punktet vert lagt inn i førebuingarbeidet.

Føresegna om rekkefølge

Bakgrunn for å ta dette temaet opp, er eit behov for å kvalitetssjekke rekkefølgekrava som ligg i planframlegget. Eit hovudspørsmål er om rekkefølgekrava kan medføra negative konsekvensar for gjennomføringsmoglegheita for planen. Vil fordelinga mellom F og S medføra for mange utilsikta verknader for gjennomføringa? Er dei for «strengt» ført opp med tanke på gjennomføringa av planen?

Administrasjonen har skissert kva tiltak som kvar eigedom i planområdet må forhalde seg til dersom føresegna om rekkefølge, jf. m.a. punkt 3.2.4 og 3.2.6, vert vedteken. Presentasjonen vert lagt ved referatet.

Hovudtrekk i presentasjonen:

Oval rundkjøring ligg inne som F for alle eigedomar, bortsett frå eigedom o_BOP1 (regionalt helsehus).

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



F medfører at tiltak skal vere «Ferdig opparbeidd (utanfor eige felt) før bruksløyve kan gjevast». Ein s inneber: «Minimum sikra opparbeiding, eller heilt eller delvis opparbeidd før det kan gjevast løyve til nybygg eller utviding av eksisterande bruk». S er ei sikring om at utbyggjar bidreg økonomisk til fellestiltak.

Tema som vart teke opp i samband med presentasjonen:

- Vegane i Knarvik er bygd rimeleg og med andre kvalitetskrav enn planframlegget legg til grunn. Det ligg inne kostnader til oppgradering (breiare, med fortau, G/S) av vegar. Nokre stader skal det byggjast nye vegstykke, men og omlegging.
- Kanskje nokre av vegstrekka kan delast opp i fleire delar, veg 7 og veg 13 var spesielt nemnt.
- Alternativ tenking: Kommunen forskotterer oval rundkøyning.
- Ekstra kostnader som kan liggje i den ovale rundkøyninga: Kulvert for å sikra Knarvik mot flom i framtida. Oppdimensjonering og i tillegg til eksisterande røyr som går under Knarvik senter. Overvatn frå Stallane er inkludert. Dette vert ei teknisk løysing for å sikra flomvegen som går gjennom Knarvik i dag. Auka nedbør må det takast høgde for. Dette som ligg innanfor plangrensa til områdeplanen er kostnadsrekna inn i det lokale anslaget.
- Det vert no dimensjonert for 30% ekstra auke i forhold til flaum. På kommuneplankonferansen i haust vart det sagt at ein kan forvente ei auke i nedbøren på 20% fram til år 2100, intensiteten vil og auke. Det er intensiteten vi må vere merksam på i Knarvik.
- Røyra under Knarvik senter skal i framtida gå som dei ligg i dag, i tillegg skal det leggjast vatn over almenningen, og det skal etablerast eit eige røyr til Kvasnesstemma.
- Ei løysing for å ivareta område nedstraums, er å seie at i planlegginga av nye bustadområde må avrenninga ikkje aukast. Dette inneber at utbyggjar må etablere anlegg som heldt vatnet attende ved auka nedbørsintensitet. Dette er eit krav Vestbo har fått på sine utbyggingsområde i Knarvik aust. Det er eit politisk spørsmål om ein ynskjer å leggje slike krav.
- Rekkefølgekrava er knytt til tiltak det er gjennomført kostnadsanslag for: E39 tiltak, lokale veg og byrom. Utgangspunktet er at staten ikkje går inn med finansiering av desse tiltaka.
- Kommunen har hatt møte med Statens vegvesen om gjennomføring av E39 i samsvar med planframlegget. Vegvesenet skal ha ein intern dialog på dette punktet.
- Trykkdimensjoneringsanlegget til Geco ligg i område o_GF6.
- Det er viktig å få veg 6 og 7 på plass så tidleg som mogleg, arbeidet med vegen vil påverke trafikkavviklinga sterkt. Det er viktig å finne pengar til dette. Eventuell omkøyingsveg må vegvesenet finne ei løysing på.
- Det er tre moglegheiter for finansiering:
 - o Ferske midlar frå vegvesenet/staten
 - o Bompengefinansiering
 - o Kommunal investering
- Helsehuset vil bidra inn når dei startar arbeidet. Det er viktig at dei kjem i gang.
- Når det gjeld kommunal investering eller finansiering, er dette temaet til vurdering av formannskapet. Administrasjonen var i møte 18. november, og det vert politisk arbeid med eit verbalpunkt knytt til økonomiplanen for 2015, jf formannskapsmøte 20. november. Som ein konsekvens av dette må ein sjå på ein gjennomføringsprosess der formannskapet og plan- og miljøutvalet har dialog.
- Oval rundkøyning må liggje som F, men det er viktig å få bygd veg 6 og del av veg 7 saman med den ovale rundkøyninga.
- Ved å opne opp for unntak for 30 000 kvm. bygg før rundkøyninga må etablerast, vil det kunne gje løyve til at fleire eigedomar kan kome i gang, ikkje berre helsehus.

- Helge Hopen har utarbeidd ei trafikkanalyse med bakgrunn i planframlegget. Fagleg sett vert det ikkje tilrådd å opne opp for å etablere 30 000 kvm. bygg før oval rundkøyning kjem på plass. Men vegvesenet har akseptert løysinga som ligg i framlegg til plan.
- Spørsmålet vi må løyse, er kva som absolutt må sikrast i F.
- Kvassnesvegen i aust må seinkast m.a. for å få vatnet til å renne. Teknisk sett er det fornuftig at området knytt til «vannvegen» vert utbygd på same tid som oval rundkøyning.
- Det er viktig at det vert gjort nødvendige tilpassingar, men planen kan ikkje setjast på vent av omsyn til økonomisk utgreiing. Det må vedtakast ein plan som ein politisk og administrativt står bak. Kommunen si rolle knytt til økonomi kan ikkje vere førande for innhaldet i planen. Då vert gjennomføringa vanskeleg. Planprosessen må gå sin gang.
- No har ikkje kommunen verkty for å gjennomføra planen, difor kan vi risikera at gjennomføringa stoppar opp. Det må difor takast stilling til dette no.
- Det er to parallelle prosessar. Det er viktig å ikkje ta omkampar på innhaldet i planen. Den må ha si framdrift. Men på den andre sida er det viktig at rolla til kommunen vert avklara for å få framdrift på gjennomføringa.
- Dialogen mellom Formannskapet og Plan- og miljøutvalet er viktig. Begge utvala kan ta lærdom av at dialogen ikkje er oppretta tidlegare.
- Det skal vere tilstrekkeleg på dette tidspunkt at det vert gjeve signal om at kommunen er med og bidreg økonomisk. Dette vert eit viktig svar til andre grunneigarar i Knarvik.
- Oval rundkøyning og tilgrensande vegar og nokre utbyggingsområde er viktig å få på plass først. Eksempelvis kulturhus/hotelltomt. Dette vert ein katalysator for den vidare utviklinga.
- Det er viktig å leggje strategiar for dette.
- Det vart referert til Straume som har bygd parkeringsanlegg til 400 mill. kroner. Skulpturen «konglo» som er utforma vert finansiert av kommunen og private med 50% kvar, i alt 50 mill. kroner.
- Kopi av artikkel i BT 23. november vart delt ut i møte. Uavhengig av løysingar i planframlegget vil det kome felleskostnader. Det er ikkje tilstrekkeleg å byggje berre butikkar, andre kvalitetar må også inn. Sjå ein heilskap.

Konklusjon: Rekkefølgekrava må endrast. Det er viktig å få realiseringa i gang, og å få Knarvik i drift. Difor er det fleire i styringsgruppa som meiner fleire av tiltaka må settast i «s». Etter ein diskusjon vart det konkludert med at nokre få av tiltaka må settast i F (tilnærma kulepunkt 3 i presentasjonen). I utgangspunktet gjeld dette oval rundkøyning, veg 6, veg 7 (aust) til og med almenningen. Men om det er fleire tiltak som er heilt naudsynt å gjennomføra for at den nye situasjonen skal fungera, vurderer administrasjonen dette til neste møte. Dei andre tiltaka kan då først opp som «s». Det vert opp til organisasjonen som skal arbeide med utbygginga å avgjere i kva rekkefølge dei ulike tiltaka skal byggjast ut i om ikkje anna vert sagt i deira mandat. Ei moglegheit for å byggje 30 000 kvm før arbeidet med rundkøyninga startar vert vidareført som i framlegg til plan.

Administrasjonen orienterte om at ei endring i rekkefølgekrava vil krevje ei ny høyringsrunde på 6 veke, eller alternativt ei begrensa høyring. Ein slik høyringsrunde kan gjelde berre avgrensa deler av planframlegget som vert definert ved utlegginga.

Eventuelt

Styringsgruppa har neste møte den 15. januar. Temaet erstatning for grunninnløysing, ei overordna orientering vert teke inn på dagsorden for det møtet.

Med helsing

Arnold Matre
fagleiar

Frøydis Ones
arealplanleggar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi:
Plan- og miljøutvalet